

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3.

Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. —

Herad: Kolvereid

Emne: Brynet.

Bygdelag: Lund

Oppskr. av: Gystein Nordstjøl. Gard: Lund

(adresse): Lund i Namdal G.nr. 17. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):


B. Erik Lund, 78 år, småbrukar, Lund. — o. andre

SVAR

1. Det vanlege ord for brynet er hein (ei-i) (å heine). Hein om alle slags br.
2. No brukes for det meste kunststein. Her fins naturlig brynestein som er fjerne her i bygda. Eldre tider fann dei nok hein her i nærleiken. Kvar fann seg ein stein til seg sjølv. Ingen husker at noko tente på dette.
3. Ein kan ikkje huske arma enn at reidskapa vart slipt på ein rund stein først og så heina. Soleis og med alle reidskap. —
4. Ingen her husker at dei slipa ljæen med å tyvna ut egga med ein hammer. Men ein gamal kårkall fra Hallingdal (han bygga gard her) hadde forteld dei gamle her at dei der brukte å hamra ut ljæane. Sjurru (sigd) (ei) vart slipt på same måte som ljæen. Slippinga kom hit 1870.
5. Ingen kan minnes nokon stor stein.
6. Som oftest to gonger om dagen, middag og kvelds. —

För ca. 1870 vart nytta heimarbeidd heiner: Slipsteiner som var ubrukeleg vart slått sund og mala på ei horisontal steinkvern, handkver, - ein rund fast og ein ovanpå som ein med hands kunne dreie rundt.

Dette „slipmjöl“ vart blanda i gårko (kvæ) og stöypt i ein trestokk



Ved å stöype på begge sider og hola lett massene på begge sider.

Truleg nytta dei vel naturstein istadenfor rundslätte, ubrukelige slipsteiner.

Trestokken var laga av osp eller older.

På tversida la der seg alltid noko sand utanpå treet og dette nytta dei til finheining etterat ljæen var heina med denne stein-sida.

Heina hadde dei med heime-fra.

Namn på denne heina var: Sandheina
Hallingdalingen kalle ho: Sandstikka

8. Dei far alltid (fjör og no) ljæen av orvet når ljæen (ein) skal slipes.

Ved lær- eller teigband og trekiler er det lett å fa ljæen av orvet.

Dei sliper ljæen lettare utan orv.

Dei held da egga mot seg under sliping

9. Orvet settis mot jorda. Venstre hand held i ljæspissen og heiner med högre hand. Dette er langorv.

Med stultorv set dei ljæ- og orvhauk på kneet og held ljæspissen med venstre hand og heiner med högre h.

- 3
10. Brynkoppen kalla dei: Heinstokk (ein)
 Han vart laga av osp eller oldir.
 Dei hola ut to treslykker og batt
 dei ikop. - Sjölv har eg sett heinstokk
 laga på same måte som stokktjernur
 og andre trekar med jarnband.
 Dei må vera vassfett, for det
 nytta ikkje berre å spytta på
 sandheina. - Når dei slo, var det
 fleire som nytta metoden å gå og
 bygge på ein kvistbit for tra ha
 mykje spytt når læen skulle heines.
 11. Nei - Fungen minnes noko om det.
 12. Heinstokken vart hengd i ei reim
 (slirereime) rundt midjen, og
 stokken hang bak litt mot
 venstre sida.
 13. Alle heiner vert fukta anten
 med vatn eller spytt.
 Ikkje olje. Sand og gærko på tresida.
 14. Melet fra heina vart kalla: Heinaur
 og fra slipssteinen: Slipaaur.
 15. Nei. Derimot er nytta blodet
 av ein svart katt til påsmöring
 på ringarm. -
 16. Fult.
 17. Fult. nei.
 18. Nei.
 19. Ivi.
 20. Nei.